

Bygdelagskoret vart starta i 1929 som eit fellestiltak av bygdelaga i Bygdelagssamskipnaden i Oslo, og er eit lag under Noregs Ungdomslag. Songane er i hovudsak norske folkesongar, med eit utval utanlandske folkesongar, dei fleste på nynorsk eller dialekt. Koret har i mange år lagt sterk vekt på norske folketonar, og arbeidd mykje med å vidareutvikla folketoneklngen i koret. Koret legg vekt på å presentere tradisjonelle songar i både nye og kjente arrangement.



Anne-Line Sandegren har vore dirigent og musikalsk leiar for Bygdelagskoret i perioden 1993-2007 og frå november 2009. Anne-Line har ei innhaldsrik song- og dirigentkarrierebak seg. Ho har dirigert damekor, blandakor og skulekor sidan 1984. Ho har også sunge sjølv, mellom anna i Solistkoret, Oslo Kammerkor og Norske kammersangere. Anne-Line er utdanna frå Universitetet i Oslo, mellom anna med musikk storfag ved Musikkvitenskapleg institutt med song som hovudinstrument.



Ulrik Ibsen Thorsrud er trommeslager/perkusjonist med bachelor- og mastergrad i musikk fra Leeds College of Music (1998-2003) i England. Han jobbar som frilansmusikar og – komponist, og driv i hovudsak med improvisasjonsrelatert musikk i alt frå solo- til storbandformat. Han har turnert klubbar og festivalar i Noreg Europa, Japan, Kina og USA med ei rekke forskjellige band, og har medvirka på fleire plateinnspelningar. Hovedprosjekta hans i dag er gruppene Sphinx, Parallax, Arch70 og Al Andaluz.

www.bygdelagskoret.org

Design: Marit Heggenhougen | cmykdesign.no Foto: Jorunn Løvlie



Malstraum i Mariakyrkja

Folketonar
og
songar frå mellomalderen

Mariakyrkja på Gran
25. september 2011

M

IDT I EIT VAKKERT kulturlandskap ligg Granavollen, av mange kalla «Norges Toscana». Her har det frå gammalt vore eit kulturelt, religiøst, juridisk og geografisk sentrum. Her gjorde pilgrimane på veg til Nidaros ein stopp. Den gamle hovudferdselsåra mellom Oslo og Bergen, «Den gamle kongevei», kan ein følge den dag i dag slik han vart lagt. Sjølv Granavollen framstår som ein landsby i miniatyr rundt «kyrkjevangen».

Søsterkyrkjene

På det høgaste punktet står Søsterkyrkjene som eit landemerke. Den største av dei, Nikolaikyrkja, er hovudkyrkja i bygda og har mange trekk felles med Gamle Aker i Oslo. Den andre er kalla Mariakyrkja.


Dette er den einaste staden i Norge det står to middelalderkyrkjer side om side. Kvifor akkurat her? Forklaringane har vore mange og til dels fantasifulle. Det var to søstrer som vart uvener og bygde kvar si kyrkje, meinte dei lenge. Men så viser det seg at kyrkjene er frå kvart sitt århundre, frå 1100- og 1200-talet.

Granavolden Gjæstgiveri

På andre sida av vangen ligg Granavolden Gjæstgiveri. Her var Gregers Granavolden bonde på 1700-talet. I 1716 fekk han «Kongelig Privilegium» til å drive gjæstgiveri etter at han i spissen for 60 hadelandsbønder hadde opphalde 600 svenske karolinar ved Harestua under den store nordiske krigen. Gregerstua, som stadig er i bruk, er ein del av det aller første gjæstgiveriet.

Steinhuset

Like ved står Steinhuset frå 1200-talet. Utsjånaden kan minne om Håkonshallen i Bergen. Har det vore ein liten gildehall? Eller har det vore eit losjihus for pilegrimar og andre reisande? Teoriane er mange, men ingen er sikre.



Malstraum

Anne-Line Sandegren
Komponert til Bygdelagskoret

Sancta Maria

Vesper frå mellomalderen

Kyrie

Ariel Ramírez

Som den gyldne sol frembryter

Frå Kvikne i Gudbrandsdalen
T: Thomas Kingo
Arr: Anne-Line Sandegren

Herre, Jesus, gi meg nåde

Frå Øyslebø
T: Ukjent
Arr: Bjarne Sløgedal

Sarahkka viina

Mel: Mari Boine/Roger Ludvigsen
Tekst: K. Sokki
Arr: Anne-Line Sandegren

Jesus, lær du meg å bede

Frå Vardal
Tekst: Anders Haave
Arr: Henrik Ødegaard

Ubi Caritas

Maurice Duruflé
Etter ei hymne frå mellomalderen

Sanctus

Jan Sandström

Halling frå Kvam

Arr: Anne-Line Sandegren

Gamlestevrekke

Tekst str 3 og 5: Hulda Garborg
Arr: Anne-Line Sandegren

Den signede dag

Frå Vestfold
T: Ukjent, etter Grundtvig
Arr: Anne-Line Sandegren

Halling fra Senja

Arr: Anne-Line Sandegren

Gula Gula

Mari Boine
Arr: Anne-Line Sandegren

Ave Maria

Zoltán Kodály

Eg veit i himmerik ei borg

Frå Hallingdal
T: Bernt Støylen
Arr: Anne-Line Sandegren

Crucem Tuam Coro

Lorenzo Ghilmi

For Guds folk er hvilen tilbake

Frå Setesdal
T: Per Nordsletten
Arr: Bjarne Sløgedal

Cantiga 166

Frå Katalonia
Marialovprisning frå mellomalderen

Solbøn

Frå Telemark
Arr: Henrik Ødegaard

Ned i vester soli glader

Frå Eid i Nordfjord
T: Anders Hovden
Arr: Grete Pedersen

Solistar:

Gard Haaland
Merete Tingstad
Anne-Line Sandegren
Ragnhild Strand
Jorunn Løvlie
Terje Jensrud